



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3421 - 18/36337

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.12.2018

Oversender søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av eksisterande bustad til uttale - gbnr 174/1

Tiltak: Totland (Seim)
Byggjestad: Gbnr: 174/1 Seimsstranda 289
Tiltakshavar Kristian Totland

Saka gjeld søknad om frådelling av bustad nr 2, med adresse Seimstranda 289, på gbnr 174/1. Bustaden, som vart oppført i 1979, ligg i utkanten av bruket, langt frå løe og det eldre våningshuset. Den nye parsellen vil grensa mot nabobruket. Gardsbruket er ikkje i drift, men innmarka vert slått av nabo.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Situasjonskart



Plankart



Planstatus

Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-føremål med omsynssone landbruk. H510_oL30.

VURDERING

Frådelinga krev at det vert gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen.

Jordlova

Frådelinga vil krevja handsaming etter jordlova. Søknaden vert oversend landbruksavdelinga for handsaming etter særlov.

Veglova

Det vart gitt avkjøringsløyve frå fylkesveg 401 i samband med oppføring av bustaden i 1979. Kommunen legg til grunn at eigedomen har godkjend avkjøringsløyve.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om deling av grunneigedom - gbnr 174/1 Totland (Seim)

Søknad om dispensasjon

Kart

Gbnr 174-1 oversiktskart KPA

Kopi til:

Kristian Totland	Seimsstranda 289	5912	SEIM
------------------	------------------	------	------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Landbruksavdelinga	her		
Planavdelinga			
Statens vegvesen Region vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER